



DOVRE KOMMUNE

## **VEDTEKTER FOR SKOLEFRITIDSORDNINGA I DOVRE KOMMUNE GJELDANDE FRÅ 01.08.2012**

### **§ 1 Retningslinjer**

Skolefritidsordninga blir drive etter retningslinjer vedteke av Oppvekst- kultur- og omsorgsstyret (OKO) og krav som gjeld for tildeling av statstilskot.

### **§ 2 Definisjon og formål**

Skolefritidsordninga er eit omsorgs- og fritidstilbod utanom den obligatoriske skoledagen for barn i 1. – 4. klasse, og for barn med spesielle behov i 5. – 7. klasse. Innhald og verksemd skal pregast av barns behov for leik, kulturaktivitetar og behov for sosial læring.

### **§ 3 Styring og leiing**

OKO er ansvarleg styringsorgan. Rektor har det administrative og pedagogiske ansvar for ordninga ved den enkelte barneskole og kommuneadministrasjonen for det overordna tilsynet. Skolefritidsordninga skal ha eigen dagleg leiar.

### **§ 4. Tilsette**

Skolefritidsordninga bør ha tilsett ein vaksen pr. 12 barn til stades. For barn med spesielle behov blir det tilsett ekstra hjelp etter behov og sakkunnig vurdering.

### **§ 5 Inntak av barn**

Skolen v/skolefritidsordninga sender brev/søknadsskjema til alle heimar med barn i aktuell alder for skolefritidsordning.

#### **§ 5.1 Inntakskriteriar**

Barnet skal i regelen gå i skolefritidsordninga i den skolekrinsen barnet bur.

Øvre grense for barn i Dovre SFO: 28 barn

Øvre grense for barn i Dombås SFO: 48 barn

Dei yngste elevane har fortrinnsrett.

#### **§ 5.2 Inntaksperiodar**

Hovudinntak av barn skjer i vårsemesteret og gjeld for eitt skoleår.

Inntak i løpet av skoleåret kan skje, og gjeld ut det skoleåret inntaket har funne stad.

Sluttar barnet, er det 1 månads skriftleg oppseiing.

Dersom oppseiing av plass skjer etter 1. mai, vil foreldrebetalinga måtte halde fram med fast månadleg beløp ut juni.

Auke eller reduksjon av opphaldstid i løpet av skoleåret må avtalast med dagleg leiar.

### **§ 5.3 Inntaksmyndigheit**

Dagleg leiar for skolefritidsordninga og rektor gjer inntaket.

OKO er endeleg klageinstans. Klagefrist er 3 veker frå det tidspunkt søkjaren mottok vedtaket (Forvaltn.lov § 29).

## **§ 6. Betaling for opphald**

I samband med handsaming av årsbudsjettet fastset kommunestyret betalingssatsane.

### **§ 6.1 Innbetaling**

Dersom det fastsette beløpet for opphald i SFO ikkje blir innbetalt i rett tid, blir det etter 2 månader sendt ut purring med oppseiing av plassen med 1 månads varsel. Dersom foreldra framleis let vere å betale, mister barnet plassen i SFO frå varsla dato. Barnet kan bli teke inn i SFO att ved neste opptak, dersom utestående beløp blir betalt.

### **§ 6.2 Henting**

Ved for sein henting, blir det kravd ekstra betaling. Første gong det skjer, blir det berre gjeve skriftleg varsel. Ved gjentakning er betalinga kr 50,- for kvart 15. minutt over fastsett hentetid slik:

<b>0 – 15 min. over tida</b>	<b>Kr 50,-</b>
<b>15 – 30 min. over tida</b>	<b>Kr 100,- osv.</b>

## **§ 7. Måltid**

Barnet tek med matpakke frå heime. Drikke får dei i skolefritidsordninga.

## **§ 8. Opningstider**

Skolefritidsordninga følgjer skoleruta.  
Skolefritidsordninga held ope slik:

### Dovre skole:

Frå kl. 07.30 og fram til skolestart kl. 08.30 om morgonen.

Frå kl. 13.15 til kl. 16.30 om ettermiddagen.

### Dombås skole:

Frå kl. 07.15 og fram til skolestart kl. 08.50 om morgonen.

Frå etter skoletid til 16.30 om ettermiddagen

### **§ 9. Budsjett**

Rektor i samarbeid med dagleg leiar utarbeider framlegg til budsjett.

### **§ 10. Sommaropen SFO**

Sommaropen SFO har eige inntak og betalingssatsar.

### **§ 11. Vedtektsendringar**

Vedtektene er gyldige inntil rådmannen/OKO ev. gjer endringar.